STUDENTSAMSKIPNADEN STORD/HAUGESUND
STYRET
PROTOKOLL

Tidspunkt: 04.03.05 Kl.: 1000 – 1430. **Stad:** Høgskolebygget i Haugesund.

Leiar: Siri Henriksen **Ved pennen:** Ernst Wilhelmsen

Til stades: Alf Aronsen, Egil Eide, Siri H. Henriksen, Rune Jørgensen, Randi Presthaug, Stian Skeiseid og Gavin Williams. (Sistnemnde gjekk kl 1230, vara kunne ikkje møta.)

I samband med sak under eventuelt, gjeldande strikkhopping; blei Tage Danielsen invitert til å orientera om strikkhopping. Dette gjekk føre seg i første pause.

Direktør delte også ut referat frå drøftingsmøte. ***Vedlegg 1.***

Saksliste:

SAK S 01/2005: **GODKJENNING AV PROTOKOLL.**
SAK S 02/2005: **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.**
SAK S 03/2005: **INNMELDING AV SAKER UNDER EVENTUELT.**
SAK S 04/2005: **ORGANISERING AV KULTURARBEID OG BRUK AV MIDLAR.**
SAK S 05/2005: **TILSTANDS- OG BUDSJETTRAPPORT.**
SAK S 06/2005: **OPPUSSING AV GRANHEIM.**
SAK S 07/2005: **RØYKEFORBOD I BUSTADANE TIL SSH.**
SAK S 08/2005: **SAMARBEIDSAVTALE OM EIT INKLUDERANDE ARBEIDSLIV**
SAG S 09/2005: **EVENTUELT.**

Sak S 01/2005 GODKJENNING AV PROTOKOLL.

Vedtak:
Protokollen frå styremøtet 10.12.04 blei samrøystes godkjend.

SAK S 02/2005: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.

Vedtak:
Innkalling og saksliste samrøystes godkjend.

SAK S 03/2005: INNMELDING AV SAKER TIL EVENTUELT.

Direktør hadde meldt inn fylgjande sak:

- Strikkhopp og tryggleik.

Andre saker som blei meldt inn på møtet:

- Samarbeidsfora med vertskommunane.
- Bruk av tidlegare fotballbane på Rommetveit.
- Brukarutval på studentcafè på Rommetveit.
- Meir infomarsjon om søkjarar på hyblar.
- Ynskje om studentrevy på begge studieplassane kvart år.
- Treningstider i ny hall ved Karmsund vidaregåande skole.
- Røyking på høgskolebygget i Haugesund.
- Læringsmiljøkonferansen 16. mars og studentkonferansen i april.

SAK S 04/2005: Organisering av kulturarbeid og bruk av midlar. **Drøftingsssak**

Læringsmiljøkonsulenten orienterte om studentaktivitetar, utfordringar, bruk av midlar og undersøkjingar som var gjennomført i høve til dette.

I samtalen etterpå drøfta ein ulike organiseringsmodellar. Eit mål må vera å finna fram til ei organisering som sikrer kontinuerleg drift av tilboda.
Bruk av organisasjonssekretær og eventuelt kultursekretær vart nemnd.

Saka vil bli drøfta vidare i samband med Sandkonferansen i april.

SAK S 05/2005: Tilstands- og budsjettrapport. **Orienteringssak.**

Vedtak:
Styret tok rapporten til vitring.
Votering: *Samrøystes.*

SAK S 06/2005: OPPUSSING AV GRANHEIM. **Vedtakssak**

Vedtak:
Styret meiner det er viktig å gjennomføra oppussing av Granheim og sikrar finansiering av opprusting, noko som pr. dags dato er rekna til 370 000 kr. SSH sin part vert finansiert ved bruk av semesteravgiftsfondet. Opprustinga vert koordinert av vaktmester på bustadene i samarbeid med Statsbygg. Direktør tek opp med Statsbygg om dei vil kosta vøling av det elektriske anlegget.

Opprustninga gjeld:

1. *Opparbiding av uteplass. Arkitekt vil bli brukt.*
2. *Maling av vegger og skifte av golvbelegg i første etasje.*
3. *Vøling av elektrisk anlegg i første etasje.*
4. *Rydding og maling av kjellar og gjennomføring av sikring/låsing av lager.*

Votering: *Samrøystes.*

SAK S 07/2005: RØYKEFORBOD I BUSTADENE TIL SSH. **Vedtakssak**

Vedtak:

1. *Korridorar, opphaldsrom og felleskjøkken vert gjort røykfrie frå og med 1. mai 2005.*
2. *Det vert eit totalforbod mot røyking frå og med 1. august 2005.*

Brot på dette fører til same reaksjon som brot på ordensreglane. Det vil sei skriftleg åtvaring og deretter bortvising frå bustaden.
Samskipnaden vil også kunne be den som har røykt om å kosta opp-pussing av hybelen, vask og maling.
Votering: *Samrøystes.*

Det blei presisert at SSH følgjer situasjonen og at ein vurderer om ei enkel tilretteleggjing for røykarar vert gjennomført viss dette er naudsynt.

SAK S 08/2005: SAMARBEIDSAVTALE OM EIT INKLUDERANDE ARBEIDSLIV. **Vedtakssak**

Vedtak:
Styreleiar fekk fullmakt til å inngå slik avtale.

Votering: *Samrøystes.*

SAK S 09/2005: EVENTUELT

1. Strikkhopping og tryggleik.

Initiativtaker Tage Danielsen hadde orientert Styret om saka. Det blei også delt ut 3 orienteringsskriv om saka i tillegg til dei som vart sendt ut i sakspapira.

Vedlegg 2.

Vedtak:
Styret i SSH seier nei til strikkhopping med grunnlag i juridisk betenkning og at det er forbod mot å hoppa strikk frå vegvesenet sine anlegg.

Styret oppmodar HSI til å ta kontakt med HMS-avdelinga ved HSH for å få ei risikovurdering av strikkhopping.

Styret ber også direktør om å sjå nærare på delegasjonsreglement. Problematiske saker bør avgjerast av direktør eller styret.

Votering: *Samrøystes.*

2. Samarbeidsfora med vertskommunane.

Det blei etterlyst arbeid for å koma i gong med dialog med vertskommunane. Eit utval vert sett ned for å bu eit slikt møte. Studentar må vera med i planlegging og gjennomføring.
Aktuelle drøftingssaker er:

- studenthus
- legeordning for studentar
- barnehagen på Rommetveit

- studentbustader
- idrettsanlegg ved HSH, samarbeid med kommunane
- korleis gje info om kommunane til nye studentar?
- korleis kan høgskolebygget bli ein møteplass for nærmiljøet?

Direktør tek initiativ til eit internt drøftingsmøte.

3. Bruk av tidlegare fotballbane på Rommetveit.

Nord for Nybygg på Rommetveit ligg deler av tidlegare fotballbane. I dag vert denne brukt til parkeringsplass. Mykje av dette arealet bør kunne nyttast til idrettsanlegg. Samskipnaden bør ta dette opp med Høgskolen.

Direktør ved SSH skriv brev til direktør ved HSH om saka.

4. Brukarutval på kafè på Rommetveit.

Brukarutval vert etterlyst. Direktør ser nærare på saka.

5. Idè om meir informasjon om hybelsøkjarar.

Er det ein idè å få inn meir informasjon om hybelsøkjarar for lettare å kunne tildela hyblar til personar som har same interesse?

6. Ynskje om å få til revy kvart år ved kvar studieplass.

Styret oppmoda Studentsamskipnaden til å arbeida meir aktivt for å få til teaterlag på båe studiestadane. Styret føreslår at SSH set av 25 000 kr til etablering av teaterlag og hjelp til dette arbeidet.

7. Treningstider i ny idrettshall ved Karmsund vidaregåande skole.

Direktør tek initiativ til drøfting av å få tildelt treningstider for HSI.

8. Røyking på Høgskolebygget i Haugesund.

Ein har fått til ei avgrensing av røykeområde ved høgskolebygga, men situasjonen kan enno bli betre ved høgskolebygget i Haugesund. Inngongspartiet må kunne gjerast røykfritt. Direktøren ved HSH tek saka og ser på aktuelle avgrensingar.

9. Læringsmiljøkonferansen og Studentkonferansen.

Styreleiar orienterte om desse konferansane.
Læringsmiljøkonferansen 16. april. Styret i SSH er invitert.
Konferansen vert på Stord hotell
Studentkonferansen vert i Sand 15., 16. og 17. april.

Ved pennen

Ernst Wilhelmsen

Vedlegg: Referat frå drøftingsmøte 1(ark)

Underskrifter.